

MIDTLI



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Midtli var skulen i Nordherad. Midtli gnr. 78 bnr. 3 vart skyldsett i 1899 og det vart gjort ei overeinskomst om at dette tilhøyrd Vågå kommune. Skulen starta 30. november 1897 og opprydding av lærarjord vart gjort av oppsitjarane i grenda. Bjarte Rekdal frå Vestnes i Romsdal var lærar frå 1898, folketellinga 1900 nemner han også som jordbrukar på Midtli. Rekdal var gift med Martha Pedersdotter, også ho frå Vestnes, i 1900 hadde dei barna Inger Bergljot f. 1899 og Bjarne Olav f. 1900.

Erik Holten var truleg lærar frå same tida. Arne Juland kom i 1905, andre lærarar var Bugge, Nils Nyhus, Offerdal og Marstein. Ola I Svare var lærar 1914-1919. 1919-1937 var Knut Ljøsne frå Lærdal lærar på Midtli, han budde fyrst på nordgard Valde og sygard Sandnes, men etter at han gifta seg budde familien på Midtli. Marit Nygjerdet var lærarinne for småskulen som til dels var i Groven.

Barna i Trolldalen og Trælviken gjekk 1914-1922 på skule i Nyrnes, før dette er det truleg at denne grenda gjekk til skulen i Vetlesætra i Lia. Frå 1922 gjekk ungane i Trolldalen ei stutt tid til Sagodden, medan barna i Trælviken gjekk til Tessanden. Men seinare gjekk alle i nördre grenda til Midtli.

Ny skule vart teke i bruk 1942. Nafstad vart tilsett som lærar i 1938, Ola Groven var lærar 1938-1946. Lyngstad var lærar etter dette, frå 1949 var Asmund Skaftnesmo tilsett.

Siste læraren var Klara Røste Fossen, ho kjøpte lærarbustaden (gammelskulen) i 1966 gnr. 78 bnr. 12 og budde der ei tid etter at ho vart pensjonist. I dag er dette feriested som sonen Tor eig.

I 1965 da skulen vart nedlagt, vart jorda fråseld. Sju dekar gnr. 78 bnr. 11 vart seld til Høgberget og den andre halvparten gnr. 78 bnr. 10 vart seld til søre Vetlhågå. Skulen er i dag grendahus.

Kjelder: Norsk gardsbruk 1953 – 1997

E.Grev; - sagt og skrivi gjennom tiin 1997:

100 år sia Midtli vart skulekrins, s. 18

I.Vetlesæter; - sagt og skrivi gjennom tiin 1995:

Da eg gjekk i folkeskulen, s. 27

Panteregeister

Folketelling 1900